



Driftssjef Roy Arne Jensen frå Uskedalen er godt nøgd med drifta av Nor Tekstil på Valen.

Vaskeriverksemda Nor Tekstil på Valen aukar kapasiteten ved innkjøp av ny maskin på 4,7 tonn noko som gjer at produksjonen aukar med 700 kg pr. dag. Driftssjef Roy Arne Jensen frå Uskedalen er godt nøgd med drifta og personalet på heile 28 tilsette. Les kva Nor Tekstil skriv i pressemeldinga:

Nor Tekstil er i stadig vekst. Denne gongen vert det montert ein liten maskin på 4,7 tonn. Den vil auka produksjonen med 700 kilo per dag. Avdeling Valen har langsiktige kontraktar og kan dermed tilby stabile arbeidsplassar for sine 28 tilsette. Bedriften er inne i ei positiv utvikling og leverer positive resultat som gjer det mogeleg å foreta investeringar av utstyr, som kan vaska tøy på ein meir miljøvennleg og mindre resurskrevande måte.

Driftssjef Roy Arne Jensen er godt nøgd med utviklinga og den jobben alle gjer ved avdeling Valen for å levera reine tekstilar til sjukehus, sjukeheimar og til nesten alle som bur ei natt på hotell i Haugesund, Stord, Kvinnherad og Odda.

Tekst: Pressemelding/ Kristian Bringedal

Nett: Kristian Bringedal

Foto: Nor Tekstil